

Kornelius Nilsen f.1828. Kom til Lundvang.

Nils Daniel Nilsen f.1835. G.m. Beret Knutsdotter, døde tidleg.

Maren Nilsen f.1839. G.m. Ole Knutsen Båtstø, sjå nr.13.

Beret Martha f.1841. G.m. Per Meland Pedersen.

27.

Bereth Martha Corneliusdotter f.1794.

Ho var dotter til Cornelius Jensen Sirijord og kona Inger Marie Tomasdotter. Sjå nr.26.

28 - 29.

Om desse veit ein ikkje anna enn det som står under nr.14 og 15.

30 - 31.

Om slekta til Gurine Og Hågen Lindseth veit ein ikkje meir enn det som står på nr.14 og 15.

32 - 33 - 34 - 35.

Om desse veit ein ingen ting.

36.

Jacob Andreas Nilsen f.1781.

Han var son til Nils Amundsen f.1745 d.1827. og Aleth Jacobsdotter f.1755. Nils Amundsen var frå Husmo, og fekk overta Tveråbakken då han vart gift med Aleth som var dotter på garden der. Foreldra hennes hadde ingen søner:

Jacob Andreas vart gift med Susanna Ås Andreasdotter frå Sandnes f.1793.

Dei fekk desse barna:

Peder Ås f.1822 d.1892. G.m. Anne Elisabeth Hansdotter frå Angarsnes, f.1823 d.1908. Sjå nr.18.

Nils Jacobsen f.1815. Vart gardbrukar på garden Stamnes.

Maren ås f.1817. Ho fekk halve farsgarden, vart først gift med ein Fredrik frå Sandnes, og då han døde vart ho gift med Tor Pedersen frå Holmvik.

Andreas f.1819. Han vart gift med Elen Nilsdotter frå Leland, og dei overtok farsgarden hennes.

Jacob Andreas jr. f.1823. Han vart gift med Kirsti Johansen, og dei overtok husmannsplassen Hellbakkmoen, der han dreiv mest som møbelsnikkar.

Nathaniel Ås f.1826. Han vart først gift med Massi Jensdotter frå